



## Notat

Dato

LEIKANGER, 09.01.2018

**Til:** Fylkesutvalet, møte 23. januar 2018

**Frå:** Fylkesrådmannen

### **Godtgjersle for møte i fellesnemnda, arbeidsutvalet og det partssamansette utvalet**

Medlemene i fylkesutvalet er Sogn og Fjordane fylkeskommune sine medlemmer i fellesnemnda for samanslåing av Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar.

Fellesnemnda sette i sitt første møte ned eit arbeidsutval (AU) og eit partssamansett utval (PSU). Nokre av medlemene i fylkesutvalet er medlemer og varamedlemer også i desse organa.

Det heiter i pkt. 20 i reglementet for fellesnemnda at medlemene i nemnda og andre politiske utval under fellesnemnda «skal godtgjerast i samsvar med gjeldande reglement i dei respektive fylkeskommunar».

Ifølgje fylkeskommunen sitt reglement om «arbeidsvilkår for folkevalde» pkt. 2.6 skal ikkje medlemene i fylkesutvalet ha møtegodtgjersle for møte i fylkesutvalet og «møte som følgjer av fylkesutvalet sine spesielle funksjonar etter § 4 i reglementet for fylkesutvalet». Den same formuleringa er nytta i reglementet pkt. 3.5 som omhandlar unntak frå retten til vederlag for tapt inntekt.

Fylkesrådmannen reknar ikkje fellesnemnda, AU og PSU for å følgje av «fylkesutvalet sine spesielle funksjonar etter § 4 i reglementet for fylkesutvalet». Arbeidet fylkesutvalsmedlemene utfører for dei tre nemnde folkevalde organa kjem i tillegg til det arbeidet dei utfører som fylkesutvalsmedlemer og som dei har fast godtgjersle for.

Fylkesrådmannen legg såleis til grunn at medlemene i fylkesutvalet har rett til møtegodtgjersle og vederlag for tapt inntekt når dei møter i fellesnemnda, arbeidsutvalet og det partssamansette utvalet.

Dette gjeld ikkje fylkesordføraren og fylkesvaraordføraren. Dei har ei totalgodtgjersle som også omfattar møtegodtgjersle og vederlag for tapt inntekt.

Det følgjer av reglementet om «arbeidsvilkår for folkevalde» pkt. 2.7 at fylkesutvalet har fullmakt til å fastsetje om møtegodtgjersla for nye utval skal utbetalast etter gruppe 1, for tida kr 1410,-, eller gruppe 2, for tida kr 940,-. Gruppe 1 omfattar t.d. fylkestinget, politikardagar, hovudutvala og Vestlandsrådet, medan gruppe 2 omfattar t.d. andre utval og råd.

**Fylkesrådmannen ber etter dette fylkesutvalet ta stilling til om møtegodtgjersla for høvesvis fellesnemnda, arbeidsutvalet og det partssamansette utvalet skal utbetalast etter gruppe 1 eller gruppe 2.**